

Vår referanse 2020/59635-8
Dato 16.02.2021Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUGFråsegn til høring av områdeplan Ostereidet - planID 1263201802
Alver kommune

Vi viser til brev datert 27.1.2021 om ny høring av forslag til områderegulering for Ostereidet.

Statens vegvesen fremja i 2019 motsegn til planarbeidet, stadfesta i brev med *Samordna uttale* datert 04.06.2019 gjennom samordningsprosjektet til Fylkesmannen i Vestland. Det var gjennomført dialogmøte 20.08.2019. Planen var på ny avgrensa høring med høyringsfrist i september 2020. Statens vegvesen fann ikkje grunnlag for å trekkje motsegna. Vestland fylkeskommune var gjort kjent med Statens vegvesen sine synspunkt og stilte seg bak innhaldet i ny motsegn i brev av 09.09.2020 med bakgrunn i at motsegnspunkta ikkje var tilstrekkeleg løyst.


Etter forvaltningsreforma 01.01.2020 har fylkeskommunen overtatt ansvar for forvaltning og drift av fylkesvegane, medan Statens vegvesen mellom anna har sektoransvar for trafikktryggleik og framkome.

Vurdering

Veg og infrastruktur

Parkeringsplass (SPA3)

Parkeringsplass SPA# mot E39 og fv. 5458 Stranda er tatt ut av planframlegget og erstatta med o_SVG. Vestland fylkeskommune er samd i dette grepet, og meiner det er til vesentleg forbetring for trafikktryggleiken i området.



Planframlegg for Sentrumsområdet BS3, og illustrasjonsplan med byggjegrænse (illa stipla linje).

Byggjegrænse langs fylkesveg 5456 Eidavegen

I dialogmøtet oktober 2019 var det semje om at byggjegrense langs fv. 5456 skulle setjast til minst 15 meter frå vegmidte. Det er framleis uklårt om dette punktet er oppfylt. Alver kommune meiner at byggjegrense er synt i plankartet, men at det er vanskeleg å oppfatte på grunn av mykje informasjon i plankartet. I referatet etter møtet i desember 2020 står det at *Byggjegrense langs Eidavegen skal regulerast i byggeformål. Byggegrensa bør illustrerast i planrapporten for å vise tydelegare kor den ligg.*

Vestland fylkeskommune legg til grunn at det er 15 meter frå vegmidte som ligg til grunn for byggjegrense langs fylkesvegen, og viser til illustrasjonsplan for byggjegrense datert 18.06.2020 tilsendt frå plankonsulent. Vi meiner denne illustrasjonsplanen bør vere del at planleveransen. Eit alternativ kan vere eigen føresegn som stadfester at byggjegrense langs fylkesvegen er 15 meter frå vegmidte.

Føresegn 7.1 Før igangsetjingsløyve for utbygging.

Vi merker oss rekkjefølgjekrav for opparbeiding av O_SKV6 med fortau (Eidavegen). Rekkjefølgjekravet gjeld for nye bueingar og for nye tiltak innanfor planføremålet BU som utløyser ny trafikk.

Vi meiner at rekkjefølgjekravet for BU kunne vore meir spesifisert slik at ein unngår tolkingar i ettertid.

Vi er opptatt av at det vert sikra god forhold for mjuke trafikantar og at rekkjefølgjekravet også sikrar god kryssing for mjuke trafikantar ved overgangen til kommunal del av Eidavegen som del av rekkjefølgjekravet. Dette er vist i B-teikning B001 revidert 22.12.2020, og bør presiserast tydeleg gjennom føresegnene.

Nemningar på fylkesveg:

Planområdet omfattar fylkesveg 5458 Stranda og fylkesveg 5456 Eidavegen. Vi ber om at fv. 393 veret erstatta av desse nemningane.

Fråvik:

Det er i planomtalen kap 8.6.1 vist til fråvik frå vegnormalane. Dersom det vert planlagt for løysingar som inneber fråvik frå vegnormalane, er det viktig at desse vert tydeleggjort. I kapittel 10.1 er det vist til at *Fråvik frå Statens vegvesen sine handbøker på E39 og fv. 393 vert handtert av Statens vegvesen og fråviksnemnda i fylkeskommunen gjennom fråvikssøknad.*

Fråvik bør vere ferdig avklart før planen vert vedtatt. Vi kan ikkje sjå å ha mottatt ein slik søknad.

Gjennomføringsavtale:

Vi minner om at det er krav om gjennomføringsavtale med Vestland fylkeskommune før det vert satt i gong tiltak på fylkesvegen.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune ber om at punkta over vert retta opp før planen vert endeleg vedtatt.

Med helsing

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Liz Eva Tøllefsen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, seksjon for plan, klima og folkehelse

Tone Bøyum, seksjon for veg og infrastruktur

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
STATENS VEGVESEN LEIKANGER
KONTORSTED

Njøsavegen 2
Askedalen 4